



FØRDE KOMMUNE
Postboks 338
6802 Førde

Sakshandsamar::
Silje Tingstad

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Øyrane avløpsanlegg

Kontrollnummer: 2019.121.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Magne Reidar Førde

Joar Birkeland

Leif Halvor Kårstad (observatør frå Gaular kommune. Einingsleiar i nye Sunnfjord kommune frå 2020)

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Silje Tingstad

Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Øyrane avløpsanlegg 15. mai 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om fakiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland fann 2 avvik under inspeksjonen:

- Kommunen har overskride ramma for løyvet i 2018
- Internkontrollen har manglar

Avvik og oppfølging av inspeksjonen er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad
overingeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: FØRDE KOMMUNE	
Organisasjonsnr.: 974599600	Eigd av: 963923511
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

Kontrollert eining

Namn: Øyrane avløpsanlegg	Anleggsnr.: 1432.0021.01
Kommune: Førde	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 11.04.2007	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Kjemikalier
- Utslepp til vatn
- Løyve datert 11. april 2007

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Førde kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Førde kommune innan 15. oktober 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Silje Tingstad.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 12. april 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Førde kommune betale eit gebyr på kr 26 300,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Kommunen har overskride ramma for løyvet i 2018

Avvik frå:

Punkt 1.1 i utsleppsløyve datert 11. april 2007

Kommentarar til regelverket:

I utsleppsløyvet punkt 1.1 står det at løyvet gjeld avløpsanlegg for Førde by med ei samla tilført mengde kommunalt avløpsvatn på inntil 28 000 pe.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Kommunen opplyser ved tilsynet og i samband med innlevering av eigenkontrollrapport at avløpsanlegget vart tilført 35 000 pe i 2018. Det same vil skje i 2019.

Avvik 2

Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

Kommentarar til regelverket:*Risikovurdering*

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeid tilhøyrande planer og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Avviksbehandling og rutinar

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:*Risikovurdering*

Risikovurderinga er frå 2013 og har ikkje vore jamleg revidert. Ny risikovurdering er under arbeid for nye Sunnfjord kommune.

Avviksbehandling og rutinar

Det vert nytta fire ulike system for avvikshandtering. Kommunen har eit felles avvikssystem, Risk Manager, men det vart opplyst at dei ikkje fekk føre avvik innan avløpsdrift og ytre miljø i dette systemet. Derfor vart det etablert eit e-postsystem for driftsavvik innan avløpsområdet. Det er lite søkbart, og vanskeleg å følgje opp. I tillegg er det kontinuerlege driftsalarmar og avvikssystemet for prøvetaking, TQM, i samarbeid med driftsassistansen.

Det er ikkje definert kva som er eit avvik på ytre miljø. Til dømes har følgjande tilhøve ikkje vore ført som avvik:

- Overskridingar av prøveresultat
- Overskriding av ramma i løyvet og kapasiteten på anlegget
- Klage på lukt i februar

Kommunen si rutine slår fast at pH-elektrode skal kalibrerast kvar veke. Dette vert ikkje gjennomført så ofte som det står i rutina.

7. Andre tilhøve

Samordne prøvetaking med Nortura

Førde kommune har jamleg kontakt med Nortura avd. Førde, men prøvetaking er ikkje samkøyrte mellom verksemdene. Slakteriet bør samkøyre prøvetaking med prøvetakinga på avløpsanlegget, både i tid og parametre, slik at dei får parallelle prøveseriar. Det kan gi kommunen nyttig informasjon om påsleppet frå ei verksmeda som bidreg med ein stor del av tilførselen til avløpsanlegget.

Revisjon av løyvet

Løyvet til utslepp av kommunalt avløpsvatn for Øyrane avløpsanlegg er frå 2007. Vi avtalte ved tilsynet at kommunen søkjer om nytt og utvida løyve. Søknadsskjema finn de på nettsida vår under skjema og tenester → Miljø og klima → Utsleppsløyve - søknadsskjema <https://fylkesmannen.no/nn/vestland/skjema-og-tenester/?c=Milj%c3%b8+og+klima>

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kapittel 14 om kommunalt avløp frå større tettstadar
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- løyve datert 11. april 2007